

Flora på byggetoppen –forslag om å legge ned utdanning!

Det er auke i byggeaktiviteten i fylket der Flora klart ligg på toppen over igangsette bustader. Bransjen skrik etter lærlinger, Flora vgs har betre søking enn på fleire år til bygg- og anleggsfaga samtidig som fylkesrådmannen onsdag legg fram forslag om å kutte VG2 Byggteknikk. I dag møtes faglærarar, elevar, bedrifter, politikare og industriforeininga på Flora vidaregåande skule for å vise si støtte for å oppretthalde tilbodet lokalt. Alle einast om at dette er eit lite framtidsretta forslag.

Onsdag 18 mars skriv Firda at Flora desidert ligg på topp i fylket med over 100 igangsette bustader både i 2013 og 2014. Leiaren i Flora Industri- og Næringsforening, Bjørn Hollevik, er glad for utviklinga i bransjen men peiker på at dei er avhengige av føreseielege rammer for å halde fram den positive utviklinga. Herunder er det viktig å la dei ha tilgang på å rekruttert stabil fagarbeidskraft. Til det treng vi ein stabil skule – ikkje ein skule med fagmiljø som vert lagt ned eller oppretta frå år til år.

Etter nokre år med dårleg søknad er trenden snudd. Skulen og næringslivet har jobba systematisk mot å vise ungdom spanande moglegheitene i bransjen. Behovet for fagarbeidarkompetanse innan bygg- og anleggsfag vert ytterlegare støtta av NHOs kompetansebarometer som er lagt fram.

Det er gjennom tett og godt samarbeid mellom skule og næringsliv at vi får god kvalitet i utdanninga. Dette har vi fått til i Sunnfjordregionen og vi ønskjer å oppretthalde tilbodet med 2 VG1 klassar Bygg og anleggsteknikk, Vg2 Byggteknikk og VG2 klima, energi og miljøteknikk. Næringslivet tar imot elevar på utplassering og dei melder om stort behov for lærlingar i åra framover.

Skulen jobbar også systematisk for at alle elevar har tilbod om læreplass når dei er ferdig med VG2.

Onsdag 25. mars skal forslaget om å legge ned 3 klassar på yrkesfag, deriblant VG2 Byggteknikk i Flora, leggst fram for politkarane i fylket. Vi bed dykk om å tenke langsiktig og bevare dagens tilbodet fordi:

Bedriftene har behov for arbeidskraft; i år har betongfaget 5 søkjarar til 25 læreavtalar. Tømrarfaget har 52 søkjarar til 81 avtalar.

Elevane treng tryggleiken til å fullføre utdanningsløpet, utan å vere i tvil om kor dei skal gå på skule.

Vi treng kvar elev og ønskjer difor færre faktorar som aukar risikoen for fråfall.

Skulens fagmiljø vert kraftig redusert om ein skal bygge opp og ned tilbodet.

Ein må sjå utdanningsløp i eit samfunnsperspektiv.

Den mest stabile arbeidskrafta finn ein lokalt.

Det er gjennom fagutdanning vi får dei beste ingeniørane.

Florø 19.3.2015. På vegne av:


Florø industri og næringsforening

Bjørn Hollevik



Lærarane ved BA

Kurt Mulehavn



Elevar ved BA

Fredrik S. Bæksten

